



Sportsfiskaren Kvinnherad v/Ståle Schille
Heio 17
5452 Sandvoll

Sandvoll 22.11.2017

NVE konsesjons-tilsynsavdelingen
5091 Majorstua
0301 OSLO

VEDGÅANDE SØKNAD OM KONSESJON FOR ONARHEIM KRAFTVERK

Sportsfiskaren Kvinnherad er eit uavhengig lag for sportsfiskarar og andre. Laget har to satsingsområder; Nesjastølsvatnet og Opsangervatnet.

I Nesjastølsvatnet har laget drive samanhengande utfisking og kultivering av vatnet sidan oppstart av laget i 1993. Laget ser det og som si oppgåve å utvikle eit sunt og godt sportsfiskarmiljø og har difor hatt arrangement saman med Barnas Turlag og Sørøst BIL ved fiskebua som blei bygd av SKL etter Staffiutbygginga. Både i forkant, under og etter denne utbygginga har Sportsfiskaren Kvinnherad hatt eit godt samarbeid med SKL.

I Opsangervatnet har laget drive kultivering av aurebestanden sidan 1998. Dette arbeidet har vore utført med garn, og bruk av storruse. I fjor brukte me og små sperreruser Dette i lag med storruse gjer at me i større grad kan ta fisken levande, og setta attende eventuell stor aure samt all sjøaure. Me har ein god relasjon til grunneigarlaga og samarbeider også her med andre organisasjonar for å skapa ei haldning som gjer Opsangervatnet til eit godt vatn for alle.

Sportsfiskaren Kvinnherad har også tidligare engasjert seg i utbyggingssaker. I Staffiutbygginga var me i klar tekst imot denne utbygginga, men valde å leggja oss på ei samarbeidslinje for på den måten gjere det me kunne for å få til ei mest mogleg skånsom utbygging. Det må her seiast at me i ettertid er stolte og glade for det arbeidet me gjorde og kva me fekk til i lag med SKL.

Når det gjaldt utbygginga av Valen Kraftverk så var denne todelt , og det same var Sportsfiskaren sitt syn på denne. Ei utbygging i fjellet som berørte Sitautvatn og Småstølsvatn var heilt uakseptabel, medan ei skånsam utbygging i sjølve Valedalen, sjølv om ho ikkje var ønskeleg var til å leva med.

Onarheim kraftverk.

Når det gjeld utbygging av Onarheim Kraftverk ser me store fellestrekk mellom denne og utbygginga av valen Kraftverk.

Også her føregår det inngrep i naturen i det som kanskje kan kallast sårbart høgfjell, samstundes som ein stor del av utbygginga føregår i skogsterreng. Dette gjer at me ser på konsekvensane av ei utbygging som todelte.

Når det gjeld omsynet til fisk så verkar det som om SKL har gjort eit grundig arbeid og er villig til å ta inn over seg den situasjonen som kan oppstå ved ei tørlegging av Hellandselva nedstraums sjølve kraftverket. Dette ved å ville setta inn ein omlaupsventil som sikrar overlevelsen av yngel ved eventuell driftstans. Men her må det innhentast uttale frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Sportsfiskaren er også veldig klar på det at denne utbygginga har liten innverknad på utøving av fiske i Hellandselva, og det kan derfor synes merkelig at laget engasjerer seg i denne saka.

Men for å gå attende til Valen Kraftverk, så skreiv me: *«Me i Sportsfiskaren Kvinnherad ser difor ikkje isolert på sjølve fisken. Då hadde denne utbygginga kanskje spela ei mindre rolle.»* Så også i denne saka.

Vårt engasjement i denne saka bygger først og fremst på vårt syn på nedbygging av den attverande, nokolunde urørte naturen i Kvinnherad. Og i den samanheng er Bremstølen og området rundt nær sagt uerstattelege. Det er vel ingen stader i Kvinnherad kommune kor ein kan oppleva nærleiken til høgfjell i samanheng med skog og rennande vatn på ein slik måte som ein gjer ifrå Bremstølen og vidare opp mot Svartavatn. Det er og ein av inngangsportane for fleire fiskevatn i urørt natur inne på fjellet. Og dette rett utanfor «stovedøra» til det største befolkningscenteret i Kvinnherad.

Me vil derfor prøva å imøtegå noko av den argumentasjonen som er nytta i konsesjonssøknaden frå SKL og uttalelsar frå rådgjevande biologar.

Viser til s.3 i konsesjonssøknaden. Her hevdar SKL at ei «*utbygging vil ha ei middels negativ konsekvens i forhold til brukarinteresser. Og for øvrige temaer er konsekvensane av tiltaket vurdert som liten negativt eller ubetydelige*».

Her stiller me spørsmål til kva SKL meiner. Dersom turgåarar og andre som ikkje har næringsinteresser i området kjem inn under øvrige tema. Då meiner me at det er ei total undervurdering av området si betyding for desse gruppene. Dette området er etter det me veit eit av dei mest besøkte og fotograferte i heile Kvinnherad.

Viser til 1.6 Sammenligning med nærliggende vassdrag.

Her er det berre Valen kraftverk som er samanliknbart, og her var det også eit stort engasjement i mot spesielt deler av denne utbygginga.

Viser til 2.2.4 Inntak.

Lukehuset vil tilpassest i dialog med turinteresser slik at det blir minst mulig skjemmende og kan gi verdi til området.

Det er vanskelig å sjå at ei tilpassing av lukehus kan fjerne eller redusere inntrykket av ein betongdam på 2x16 m og med ei så godt som tørrlagt elv rett nedanfor, og i tillegg gje verdi til turområdet. Når ein i tillegg tar vekk elva på oversida av dammen og erstattar den med ein kunstig dam på omlag 800 kvadratmeter så forsterkar ein dette bildet. Eksisterande bilde viser korleis det ser ut i dag og ein kan lett førestilla seg korleis det vil sjå ut ved ei eventuell utbygging.

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket..

Inntaket til kraftverket er planlagt i nærleiken av en opparbeidt rasteplass. Naturopplevelsen ved inntaket kan oppleves noe redusert, men ved tilpassing av lukehus og dam kan også tiltaket gi økt verdi til turgåere.

Me visar til førre punkt.

Viser til 2.6 Fylkes delplan for små kraftverk i Hordaland.

A.1 og A3. Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvennlige og fornybare energikjelder utan store konsekvensar for verdifull natur, friluft og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområder.

Her er det auga som ser. Og for dei aller fleste brukarane av dette området så har denne utbygginga store negative konsekvensar for det som dei ser på verdifull natur og friluft.

Når det gjeld nærleiken til store samanhengande inngrepsfrie naturområder så kjem me attende til dette.

Viser til 3.9 Landskaps og inngrepsfrie naturområder.

Under dette punktet blir det hevda at. «Selve Hellandselva er ikkje noe markert landskapselement med unntak av fossberget Tungen og et åpent skrint parti like nedstrøms Bremstølsvatnet . Begge disse elementene er godt synlig frå bebyggelsen , men ikkje fra Fv48».

Begge disse elementene er godt synlige frå delar av Fv48 sør for Helland, og store deler av det sørvestlege Kvinnherad.

Viser til 3.14 Bruker interesser.

I Hordaland fylke si planlegging av friluftsområder er området langs Hellandselva vurdert til svært viktig friluftsområde.

Dette seier vel sitt.

Viser til 3.15 Samfunnsmessige konsekvensar.

Fallrettseiere vil få inntekter av tiltaket som også vil auke skatteinntektene til Kvinnherad kommune marginalt.

Me er innforstått med at grunneigarar må ha høve til å ha inntekt frå dei områda dei eig. Men dette må og setjast i samanheng med allmenne interesser og eventuelle interessekonflikhtar. Det står og her at dette tiltaket ikkje vil gje kommunen noko særlige inntekter.

Viser til 3.19 Samla belastning.

Samla belastning er relativt stor i influensområdet fra før. Og det planlagte Onarheim kraftverk vil i noen grad bidra til å auke belastninga.

På den eine sida seier SKL at influensområdet er utsatt for ei stor belastning frå før, på den andre sida seier dei at Onarheim kraftverk bare i nokon grad vil bidra til å auke belastninga. Me meiner derimot at Bremstølen og influensområdet høyrer til eit av dei siste nokolunde urørte områda over ein viss storleik i Kvinnherad, og som er tilgjengeleg for folk flest. Difor meiner me at ei utbygging ikkje berre i nokon grad vil bli belastande, men føre til ei betydeleg negativ og alvorleg landskapsendring.

Viser til 4 Avbøtende tiltak.

Inntaksarrangement ved utløpet av Bremstølsvatn vil tilpasses slik at reduksjon av naturopplevelsen for turgåere holdes til et minimum.

Her er sjølve kjernen på problemet. Det er ikkje mulig å gjennomføre ei utbygging ved Bremstølen utan at dei negative konsekvensane for naturopplevinga blir så store at all verdens avbøtande tiltak kan minske eller fjerne skadeverkniningane.

Viser til rapport frå rådgjevande biologar.

Landskap.

Her konkluderast det med at «slipping av minstevannføring vil i liten grad avbøte på det visuelle inntrykket.»

INONSONENE.

Tiltaksområdet ligger i sin helhet i et inngrepsnært område. Ei utbygging av Onarheim Kraftverk vil innskrenke INON sonenesom ligger i fjellområdene. (*rådgivende biologer s.6*). «Tiltaksområdet langs Onarheimselva ligger i sin helhet i et inngrepsnært område fordi vannføringen i onarheimselva er redusert som følge av utbygginga av Madalen Kraftverk.» *Rdgivende biologer Fig 32 og S.30.*

I frå vårt syn er dette noko av den mest alvorlige konsekvensen ved desse planane. I og med at et røyr på 250 mm som svelger ca. 120 l i sek, og som lett kan fjernast. Og det på ein slik måte at om lag alle spor etter dette «inngrepet» ikkje vil vera synleg lenger. At dette inngrepet

skal ha ei slik betydning, og samtidig blir nytta som eit poeng i argumentasjonen for ei vidare utbygging i Hellandselva gjer at me er uroa over kva negative konsekvensar denne utbygginga vil ha på dei nærliggande INON-sonene. Tiltaksområdet ligg slik me ser det som ei nokolunde urørt ferdsleåre, bortsett frå skogsdrift frå FV48 inn i et av dei siste nokolunde større inngrepsfrie områda i Kvinnherad. Me er klar over situasjonen rundt Svartavatn som drikkevasskjelde. Men her må me vere så realistiske å innsjå at dette er eit heilt nødvendig inngrep for å sikre befolkninga i heile den søre delen av Kvinnherad reint vatn.

Viser til punkt om samla belastning.

«Naturmangfaldslova paragraf10 krever at tiltakshaver skal foreta ei vurdering av den samlede belastning et økosystem er eller vil bli utsatt for. Formålet er å hindre en bit for bit forvaltning der resultatet er en gradvis forvitring og nedbygging mm.»

Viser til punkt om akvatisk miljø.

Sjøauren er under sterkt press frå mange hald, og det må som før nemnt derfor innhentas uttale frå fylkesmamnnen si miljøvernavdeling for å få deira uttale i denne saka angående sjøauren i Opsangervatn /Hellandselv.

Konklusjon.

Me visar endå ei gong til *«Naturmangfaldslova paragraf 10 som krever at tiltakshaver skal foreta ei vurdering av den samlede belastning et økosystem er eller vil bli utsatt for. Formålet er å hindre en bit for bit forvaltning der resultatet er en gradvis forvitring og nedbygging mm.»*

Sportsfiskaren Kvinnherad går difor i mot ei utbygging av Onarheim kraftverk etter dei alternativa som er framlagt. Me ser store interessekonfliktar i forhold til utøving av friluftsliv i det berørte område. Då spesielt det øvre området opp mot, og ved Bremstølsvatn. Me kan heller ikkje sjå at dei avbøtande tiltaka som SKL refererer til kan redusera den negative konsekvensen ei utbygging har etter dei alternativa SKL skisserer. Sportsfiskaren har og prøvd å visa til dei negative konsekvensane denne utbygginga kan få for det som me ser på som nokolunde urørt natur vidare inn i fjellet(INON soner)

Skal ei utbygging tillatast så må inntaket difor flyttast så langt ned at det er utanfor dei mest konfliktfylte områda. Dvs. ned til omlag 420 moh . Dette er ikkje noko me ynskjer. Men om skogen blir hogd i samanheng med normal skogsdrift, eller om den blir hogd i samanheng

med ei nedgraven røyrgate så meiner me at konsekvensane for utsjåande på skogen blir om lag den same.

Men det må heilt til slutt presiserast at ei vidare nedbygging av INON sonene i denne delen av Kvinnherad ikkje kan akseptast.

Ståle Schille

Leiar

Sportsfiskaren Kvinnherad.

E.post : stale.schille@hotmail.no